

# Turar frå Gjerdesdalen, Nedre Vats

1. Til Frierane (410 m-o-h.)
2. Til Hovda (530 m.o.h.)
3. Til Vestvoll i Blikrabygda

Frå Knapphus svingar du av på Rv 46 mot Nedre Vats. Kjør 8 km mot Sandeid, forbi Vindafjordhallen og Vats skule, til svingane ved Arve Mjøllhus. Der ser du TURSTI- skilt og skilt til P-plass 500 m lenger oppe. Her står info.tavle m/kart og opplysn. om dei ulike turane.

**NB! Parkering på eige ansvar her.  
Hugs båndtvang – beitande dyr oppover lia langs traktorvegen.**

## Tur til Frierane (410 m.o.h.)

**Avstand:** 2,5 km opp til Frierane

**Tidsbruk:** Om lag 1 time å gå opp til Frierane.

**Vanskegrad:** Blå tur – noko bratt skogsveg for dei minste borna.

**Terreng:** Traktorveg heilt opp til Frierane i ope landskap - går gjennom kulturbeite og litt Bjørkeskog mot toppen.

**Opplysningar:** Det er fin utsikt over Gjerdesdalen og innover mot Sandeid når du går på traktorvegen som svingar seg oppover kulturbeitet.. Beitande dyr. Båndtvang.

**Namnet Frierane har denne forhistoria:**

«Ein gut frå Landa gjekk på friarføter til ei jente i Gjerdesdalen. Folk såg ofte denne guten gå oppover lia frå Vestvoll opp til desse store steinane som ligg på toppen og halvvegs frå begge stader. Han hadde alltid ei kvit hua på hovudet. Han var difor godt synleg i terrenget der han rusla oppover for å møte denne jenta. Dei hadde avtale om å møtast her av og til for å vera for seg sjølve i fred og ro.. Her ved dei store steinane fridde guten til jenta. Guten fekk nok JA på spørsmålet, for dei vart seinare gifte. Difor har desse store steinane fått namnet **Frierane**. Frierane er også skiftestein – her møtest grensene mellom 3 gardar: **Eikje** i Gjerdesdalen og **Bakkevoll** og **Vestvoll** i Blikrabygda.

Frå Frierane kan du gå vidare opp til Hovda eller ned traktorvegen til Vestvoll i Blikrabygda.

## Tur til Hovda (530 m.o.h.)

**Avstand:** 3,5 km opp til toppen på Hovda.

**Tidsbruk:** 1,5 – 2 t opp til varden.

**Vanskegrad:** Blå/raud tur – kan vera ein litt krevande familietur.

**Terreng:** Traktorveg i ope landskap opp til Frierane og deretter inn på merka tursti opp til toppen av Hovda. Enkelte bratte parti.

**Opplysningar:** Fin tur oppover den svingete traktorvegen gjennom kulturbeite og litt bjørkeskog opp mot Frierane. Stien frå Frierane til Hovda har nokre bratte parti. Ope landskap over tregrensa gir fin utsikt. **Beitande dyr frå parkeringsplassen og oppover. Hugs båndtvang.**

## Tur til Vestvoll i Blikrabygda.

**Avstand:** 4,5 km frå Gjerdesdalen til Vestvoll.

**Tidsbruk:** 1,5 t frå Gjerdesdalen til Vestvoll via Frierane.

**Vanskegrad:** Blå tur - litt tung familietur opp til Frierane, men lett ned til Vestvoll.

**Terreng:** Ope landskap opp til Frierane, og så gjennom bjørkeskog nedover traktorvegen til Vestvoll.

**Opplysningar:** Traktorvegen har nokre bratte parti – han går i ope landskap heilt opp til Frierane. Frå Frierane går det traktorveg heilt ned til Vestvoll. Her svingar han seg nedover gjennom fin bjørkeskog. **Beitande dyr. Hugs båndtvang.**